

Svar på høringsbrev vedrørende forslag til endringer i forskrift om inntaksområder for Åkra skole , Sevland skole , Grindhaug skole og Ådland skole i Karmøy kommune.

Svar frå ELEVRÅDET Sevland skole

Innspel:

Me i elevrådet har snakket om dette med fleire elever på skolen. Og me synest det er både positive og negative ting med dette.

For det første synest me at det er bra og få fleire venner, og fleire lærerar. Det kan være kjekt å ha fleire med i leik ute i friminuttane (når Covid-19 er over). Det er veldig positivt at det kan bli meir sosialt og kanskje kjekkare skoledagar med fleire vener. Me håpar og at det er mogleg å få meir pengar til å få meir og betre utstyr, dersom me blir fleire elevar.

Me har kome fram til at det er fleire negative ting med dette.

Visst nokre av klassane skal delast i to kan det bli dumt om noken ikkje for vere med dei som dei ønsker å vere med. Nokre klasserom er små og det er ikkje sikkert at det er plass til store klassar. Om dei fleste klasserom blir fulle, blir det mindre tilgjengelege rom til kvar klasse, viss det er nødvendig for enkelte elevar. Me tenkjer og at det kan være for få toalett om det kjem fleire elevar. Det kan og bli dårleg plass i garderobane til klassane, og mykje folk i inngangspartia. Me er og litt bekymra for at det kan oppstå meir utestenging og erting/mobbing om det kjem mange fleire elevar.

Me har altså nokre tankar knytt til å få fleire elevar på skulen, men om dette er ting som blir ordna/tatt med i vurderinga er me er klare til å ta imot fleire elevar hos oss. Dette er elevrådets konklusjon.

Leiar og nestleiar i elevrådet Sevland skole

Martyna

Martyna Wreczycka

Bergljot

Bergljot Hovland

Bergljot Hovland